

PROTOKOLL

Landsmøte Norsk Fyrhistorisk Foreining 2009 Brekstad, Sør-Trøndelag 5. september 2009

L01/09

Oppnemning av møteleiar, referent, tellekorps og to personar til å skriva under landsmøteprotokollen.

Landsmøtet oppnemnde desse personane:

Møteleiar: Inge Westad

Referent: Birger Lindanger

Tellekorps: Bernt-Jørgen Stranden og Karin Ingersrud

Protokollunderskrivarar: Rita Dyrstad og Magnar Skaret

L02/09

Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Landsmøtet godkjende samrøystes innkallinga til landsmøtet og sakslista.

L03/09

Styrets årsmelding for 2007 (kvartal 4), 2008 og 2009 (til og med kvartal 2)

Leiaren gjekk punktvis gjennom styremeldinga for inneverande landsmøte. Avslutningsvis orienterte ho om at ny praksis med loggføring av inn- og utgåande saker viste ein veksande aktivitet i styret. Medan det blei loggført 501 saker i 2008, var ein per 1. september komen opp i 850 saker for 2009. Leiaren meinte at ei av årsakene til at saksmengda hadde auka så mykje, var at foreininga no er meir synleg, og at aktiviteten bør reknast som normal for eit landsmøteår.

Leiaren orienterte vidare om at siste registrerte medlemstal før landsmøtet er om lag 330 medlemmar. Av desse er 50 fyr og 20 – 25 fyrekommunar.

Leiaren streka elles under at utviklinga hadde laupt frå dei eksisterande vedtektene og at det her trongst ein omfattande revisjon, noko som ville vera ei av utfordringane for det komande styret. Det må også utviklast eit reglement for valnemnda.

Det bør òg vera eit mål for den komande landsmøteperioden å arbeida for å setja rekneskapen over til ein bank.

Vidare var det i mai i inneverande år søkt om grunnstøtte til drifta for å koma på statsbudsjettet i 2010. I samband med dette fekk foreininga tilbakemelding om at det var høve til å søkja alt for 2009 (grunna nye midlar). Foreininga fekk så løyvd kr. 200 000, som er øyremerkt oppdatering av heimesida innan 2009.

Det blei elles opplyst at all skriftleg kommunikasjon mellom styret og medlemmane i foreininga no skal gå elektronisk (i form av e-post), med unntak av kontakt med nokre få medlemmar som ikkje har tilgang til datamaskin, og difor forblir papirmedlemmar.

Avslutningsvis fekk leiaren og kasseraren sterk ros frå landsmøtet for innsatsen med å få foreininga på rett kjøp.

Vedtak:

Landsmøtet godkjende samrøystes styrets årsmelding for styreperioden 2007 (kvartal 4), 2008 og 2009 (til og med kvartal 2).

L04/09

Styrets rekneskap for styreperioden 2008.

Kasseraren la fram rekneskapen punkt for punkt og orienterte også om utfordringane som styret hadde møtt sidan det førre landsmøtet.

Vedtak:

Landsmøtet godkjende samrøystes styrets rekneskap for året 2008.

L05/09

Styrets orientering om rekneskapen for styreperioden 2005 – 2007 og landsmøtet på Lindesnes

Etter vedtak på landsmøtet på Lindesnes i 2007 skulle styret orientera om resultat etter avslutta rekneskap for styreperioden 2005 – 2007, samt resultat etter landsmøtet på Lindesnes 2007 (jfr. vedtak "Landsmøtet godkjende samrøystes rekneskapen (for styreperioden 2005 – 2007 og landsmøtet på Lindesnes) på vilkår av at det blir revidert av ny revisor og at revisor ikkje hadde vesentlege merknadar").

Kasseraren orienterte om saka og kva som var gjort for å fylgja opp. Som ein konklusjon vart det fastslege at slik denne rekneskapen låg føre, var det ikkje grunnlag for revisjon.

Vedtak:

Landsmøtet godkjende samrøystes styrets orientering om resultatet etter revisjon av rekneskapen for styreperioden 2005 – 2007, samt orienteringa om resultatet etter revisjon av rekneskapen for landsmøtet på Lindesnes.

L06/09**Vegen vidare – organisering av NFHF**

Etter vedtak på landsmøtet på Lindesnes i 2007 fekk styret i oppgåve å vurdere framlegg om ein mogeleg fusjon mellom NFHF og Forbundet Kysten, for handsaming på neste ordinære landsmøte i 2009. Styrets vurdering var lagt ved (vedlegg 3). Styret hadde sett opp tre alternativ til retning for vidare organisering av NFHF. Leiaren orienterte om styrets oppfylging og konklusjonar i denne saka.

Vedtak:

Landsmøtet vedtok samrøystes at NFHF held fram arbeidet sitt som sjølvstendig foreining, og for vidareutvikling av kontakten og samarbeidet med Kystverkmusea og Kystverket.

L07/09**Kontingent for perioden 2010 – 2011**

Styret hadde gjort framlegg om å auka kontingenten, i samsvar med den generelle prisauken i samfunnet dei siste fire åra. Medlemskontingenten vart ikkje auka på landsmøtet i 2007. Det er meld interesse blant medlemmar for å få familierabatt på kontingenten.

Vedtak:

Landsmøtet vedtok samrøystes å auka medlemskontingenten til kr. 250 for einskildmedlemmar (frå kr. 200), innfører kontingent for familiemedlem til kr. 100 per person (ny), aukar kontingenten til kr. 400 for fyr og fyrforeiningar (frå kr. 300), og til kr. 600 for bedriftar og offentlege instansar (frå kr. 500). Endringane i kontingentsatsane skal gjelda frå og med 2010.

L08/09**Styrets framlegg til budsjett for 2010–2011**

Etter vedtektene til NFHF skal landsmøtet vedta budsjett for landsmøteperioden 2010 – 2011. Styrets framlegg var lagt ved.

Vedtak:

Landsmøtet vedtok samrøystes styrets framlegg til budsjett for 2010 og 2011.

L09/09**Styrets framlegg til handlingsplan for 2009 (4. kvartal), 2010 og 2011**

Leiaren orienterte om at styret ikkje fann det formålstenleg å leggja fram ein detaljert handlingsplan for det nye styret for styreperioden 2009 – 2011 på grunn av den uavklarte stoda om framtidig organisering. Styret peika likevel peika på område som det må takast fatt på:

- Vedtektene
- Nettstaden fyr.no
- Medlemsverving
- Medlemsarbeid
- Nordisk fyrsamarbeid
- Prosjekt

Vedtektene for NFHF er som nemnt etter nye tilhøve i samfunnet og fyrverda ikkje lenger føremålstenlege, og krev difor ein grundig revisjon.

NFHF har fått tilslag på ein søknad om grunnstønad frå Kyst- og Fiskeridepartementet for 2009. Den primære oppgåva dette året vil vera å bruka denne stønaden til å syta for oppgradering og vidareutvikling av nettstaden fyr.no.

Dersom Landsmøtet vedtek å stø framlegg 2 om vidare organisering av NFHF, vil det vera ei sær s viktig oppgåve å få drøfta og formalisert eit vidare samarbeid med Kystverkmusea og Kystverket. Dette gjeld ikkje minst samarbeidet om det nasjonale fyrhistoriske seminaret som har gått føre seg ved fleire høve. Styret ser det nasjonale fyrhistoriske seminaret som så viktig at ein har vald å fremja eiga sak om dette (sak 10).

Vedtak:

Landsmøtet vedtok samrøystes styrets framlegg om handlingsplan for styreperioden 2009 – 2011.

L10/09**Nasjonalt fyrhistorisk seminar**

Leiaren orienterte i saka. Styret for NFHF vedtok i styremøte januar 2009 (Agdenes) å gjera tiltak for å få fastsett kven som for framtida skal eiga og ha hovudansvaret for det nasjonale fyrhistoriske seminaret. Seminaret har jamt vorte arrangert annakvart år, som eit samarbeidstiltak mellom Kystverket, Kystverkmusea og NFHF. NFHF har lagt landsmøtet sitt til same tid og stad. Medlemmane har såleis fått eit godt høve til å møta Kystverket, andre offentlege forvaltingsorgan, museumsfolk og fyrforvaltarar, for oppdatering, kompetanseoverføring, motivering og sosialt samver.

Styret ser det som sær s viktig at det finst ein felles møtestad for alle som arbeider for norsk fyrhistorie og ny bruk av stadig fleire fyr. Styret ser samstundes at ansvaret for eit såvore seminar er for stort for ei friviljug foreining med trong økonomi og

desentralisert styre, og utan sekretariat. I 2009 er stoda den at NFHF likevel har vorte nøydd til å ta på seg hovudoppgåva med arrangementet (administrasjon, økonomi), som ein følge av at Kystverket og Kystverkmusea på eit seint tidspunkt avgrensa sin medverknad i høve til kva som har vore praksis tidlegare.

Styret ser det som ei god løysing om Kystverkmusea, etter etableringa i 2008, for framtida tek hovudansvaret for seminaret, og at samarbeidet mellom musea, Kystverket og NFHF om dette held fram, og at NFHF kan få avvikla sitt landsmøte ved same høve (dersom det er formålstenleg).

Vedtak:

Landsmøtet i NFHF vedtok samrøystes å oppmoda Kystverkmusea til å ta eigarskap og ansvar for det nasjonale fyrhistoriske seminaret i framtida. Landsmøtet ønsker at samarbeidet mellom Kystverkmusea, Kystverket og foreininga om seminaret held fram. Det er ønskeleg at ordninga med landsmøte ved same høve kan halda fram, om det er praktisk muleg.

L11/09

Innkomne saker

Saker som ein ville at Landsmøtet skulle handsama, måtte vera komne inn til styret seinast 25.juli 2009.

Det var ikkje kome inn saker til landsmøtet frå medlemmane.

L12/09

Val

NFHF's valnemnd, under leiing av Jo van der Eynden, hadde lagt fram innstilling til ny styreleiar, nestleiar, 5 styremedlemmar, 2 varamedlemmar og revisor til landsmøtet. Det hadde vore høve til å senda inn framlegg på nye styrekandidatar til valnemnda.

Innstillinga frå valnemnda:

Leiar: Eli Johanne Ellingsve	attval
Nestleiar: Sigbjørn Ubostad	attval
Erna Hoel	attval
Birger Lindanger	attval
Karl Olsen	attval
Asbjørg Dalen	ny
Fred Langbakk	ny

Vara:

Evylyn Altø	attval
Inger Anne Pareliussen	attval

Resultat etter styreval for styreperioden 2009–2011:

Leiar: Eli Johanne Ellingsve (attval)	samrøystes, applaus
Nestleiar: Sigbjørn Ubostad (attval)	samrøystes, applaus
Erna Hoel (attval)	
Birger Lindanger (attval)	
Karl Olsen (attval)	
Evylyn Altø (ny, frå vara)	
Fred Dalbakk (ny)	

Vara:

Inger Anne Pareliussen (attval)
Asbjørg Dalen (ny)

Revisor:

Noverande revisor, Lars Petter Ose, Molde, var open for attval, og held fram i vervet.

Innstilling frå styret om ny valnemnd

Anita Andreassen	Songvår
John Evensen	Honningsvåg
Inge Westad	Alnes

Framlegget til ny valnemnd blei samrøystes vedteke. Styret oppmoda John Evensen til å vera den i valnemnda som innkalla dei andre til eit konstituerande møte.

Birger Lindanger
Referent
(Sign.)

Rita Dyrstad
(Protokollunderskrivar)
(Sign.)

Magnar Skaret
(Protokollunderskrivar)
(Sign.)